

## **Rutine for bruk av lærlingklausulen i HFK sine kontraktar**

### **Oppstart av konkurranse**

Konkurranseleiar sjekkar om ein skal ta med lærlingklausulen i den aktuelle konkurransen, og kva fagområder/bransjar som er aktuelle for kontrakten. Utgangspunktet er at alle kontraktar skal innehalde krav om bruk av lærling. Vi tilrår å sjekke ut [www.vilbli.no](http://www.vilbli.no) for oversikt over lærlingfag, og ta gjerne kontakt med fagopplæring for meir info om kva lærefag som kan vere aktuelle for kontrakten.

Dersom ein vel å ikkje ta med lærlingklausulen, skal dette grunngjevast i anskaffingsprotokollen.

### **Bruk i konkurransedokumenta**

Innkjøpsseksjonen har inkludert lærlingklausulen i våre eigne konkurransemalar. Einingane kan oppdatere sine malar på bakgrunn av våre innspel, og vi har derfor føreslått formuleringar som kan inkluderast i konkurransedokumenta.

### **Konkurransesgrunnlaget:**

I sjølve konkurransegrunnlaget bør ein ta med nokre setningar om samfunnsansvar og at vi oppmodar tilbydarane om å setje seg inn i krava.

*«Hordaland fylkeskommune ønskjer å ha leverandørar som viser samfunnsansvar. Det er stilt visse krav til sosiale tiltak i kontrakten, t.d. løn- og arbeidsvilkår og krav om lærling, og vi ber om at tilbydar set seg godt inn i desse krava før innlevering av tilbod.»*

### **Kontrakten:**

Nedanfor følgjer eit forslag til lærlingklausul som kan nyttast i kontrakten. For innkjøpsseksjonen sin del er det aktuelt å leggje dette inn under eit punkt om leverandøren sitt personell fordi denne også har eit avsnitt om løns- og arbeidsvilkår. Vi har forståing for at plasseringa vil variere ut frå utforminga av kontrakten i dei ulike einingane, og at det ved bruk av standardar vil vere aktuelt å inkludere klausulen i eige vedlegg.

### **Generelle kontraktar (ikkje bygg og anlegg)**

*Ved utføring av arbeid knytt til kontrakten skal minimum (2) % av arbeidde timar verte utført av lærlingar, jf. opplæringslova § 4-1. Krava kan verte oppfylt ved at arbeidde timar er utført av personar som er under systematisk opplæring og er meldt opp etter krava i Praksiskandidatordninga, jf. opplæringslova § 3-5. Krava kan også verte oppfylt ved å nytte lærlingar etter tilsvarende ordning i anna EU/EØS- land og personar som er under systematisk opplæring og er meldt opp etter tilsvarende ordning som krava i Praksiskandidatordninga, jf. opplæringslova § 3-5, i anna EU/EØS-land.*

*Kravet kan verte oppfylt av leverandøren og ein eller fleire av hans underleverandørar.*

*Dersom arbeida ikkje er eigna ut frå arbeidets art og helse, miljø og tryggleik kan oppdragsgjevar tillate at leverandøren ikkje oppfyller prosentkravet ovanfor. Dersom leverandøren ikkje har lærling til tross for at det er gjennomført hensiktsmessige tiltak for å få lærling, kan oppdragsgjevar fråfalle kravet om bruk av lærling heilt. Oppdragsgjevar vil då skriftleg stadfeste at kravet om lærling er falt bort.*

*Leverandøren skal ved oppstart, og på førespurnad under gjennomføringa av kontraktsarbeidet, sannsynleggjere at krava vil bli oppfylt. Ved avslutninga av kontrakten skal det leggjast fram oversikt over tal lærlingtimar. Timelister skal leggjast fram på førespurnad.*

## **Bygg- og anleggskontraktar**

*Ved utføring av kontraktsarbeidet skal minimum 7 % av arbeidde timar innanfor bygg- og anleggsfaga samla (omfatta av utdanningsprogrammet for bygg- og anleggsteknikk, samt anleggsgartnarfaget) verte utført av lærlingar, jf. opplæringslova § 4-1. Krava kan verte oppfylt ved at arbeidde timar er utført av personar som er under systematisk opplæring og er meldt opp etter krava i Praksiskandidatordninga, jf. opplæringslova § 3-5. Krava kan også verte oppfylt ved å nytte lærlingar etter tilsvarande ordning i anna EU/EØS- land og personar som er under systematisk opplæring og er meldt opp etter tilsvarande ordning som krava i Praksiskandidatordninga, jf. opplæringslova § 3-5, i anna EU/EØS-land.*

*Kravet kan verte oppfylt av leverandøren og ein eller fleire av hans underleverandørar.*

*Dersom arbeida ikkje er eigna ut frå arbeidets art og helse, miljø og tryggleik kan byggherren tillate at leverandøren ikkje oppfyller prosentkravet ovanfor.*

*Leverandøren skal ved oppstart, og på førespurnad under gjennomføringa av kontraktsarbeidet, sannsynleggjere at krava vil bli oppfylt. Ved kontraktsavslutning skal det leggjast fram oversikt over antall lærlingtimar. Timelister skal leggjast fram på førespurnad.*

### **Oppfølging i kontraktmøte, under kontrakt og ved avslutning av kontrakt**

Klausulen stiller krav til oppfølging av oppdragsgjevar ved oppstart, og det er naturleg å følgje dette opp under kontrakten, t.d. i statusmøter. Det kan også vere aktuelt å leggje informasjon om bruk av lærling inn i krava som er knytt til rapportering og statistikk frå leverandøren.